



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.09.2017
Vår ref.: 2017/14023-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/2239 – 17/21232

Att. Kjartan Nyhammer

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - bygging av landbruksveg - gnr 58 bnr 10 - Lygra Indre - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 14.07.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 14.08.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 05.09.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.